

Fra: Steinar Ose Velle
Sendt: 5. mars 2021 11:08
Til: Heidi Istad
Emne: Detaljregulering for område BKB3 - gnr.19 bnr.10 med fleire

Detaljregulering for område BKB3 – gnr. 19 bnr.10 med fleire

I dette prosjektet har utbyggjar eit stort og urøyvd område tilgjengeleg og kan derfor i stor grad velje plassering av bygningar og uteområde i tråd med kommunale planar og føreskrifter. Som representant for barn og unge i Volda kommune er det viktig å legge vekt på trygge trafikktilhøve for mjuke trafikkantar, gode og trygge leikeplassar og at leikplassane vert utstyrt etter kommunen sin rettleiar for leikeplassar. I den samanheng merka eg meg tidleg at kvartalsleikeplassen i dette prosjektet var lagt delvis over ein kabeltrase med to høgspenlinjer. Dette vart også bemerkta overfor utbyggjar i ein tidleg fase. Det er ikkje uvanleg å høyre om protestar dersom bustadar, leikeplassar, med meir vert lagt i områder som kan verte påverka av elektromagnetisk stråling. Derfor er det positivt at utbyggjar i høyringsforslaget hadde flytta leikeplassen frå feltet med desse høgspenkablane til området aust for byggesteg 1 og opp mot ny rundkøyring i Vikebygdvegen. Då ville ein unngå å legge kvartalsleikeplassen over høgspenkablane og ville dermed kunne bruke «føre-var-prinsippet» i plasseringa av leikeplass.

I det siste forslaget frå utbyggjar har ein gått tilbake på denne flyttinga av leikeområdet og vil plassere kvartalsleikeplassen sør for den komande omkøyringsvegen med ein gong. Leikeplassen er i tillegg plassert enda meir direkte over desse høgspenkablane enn i det opprinnelege forslaget. Dette vil eg sjå på som å ikkje bruke «føre-var-prinsippet». Med ei slik løysing vil ein først legge leikeplassen direkte over høgspenkablane og ein vil få eit vanskelegare trafikalt bilete særleg i perioden med omkøyringsveg i samband med utbygging av Voldatunnelen.

Det vil vere eit betre alternativ å legge leikeplassområdet mot aust, i samsvar med høyringa, i byggesteg 1. I byggesteg 2, vil ein så heller kunne legge kvartalsleikeplassen tilbake til det opprinnelege forslaget syd for omkøyringsvegen med mindre del av leikeplassen over høgspenkablane. Ein skal vel heller ikkje sjå bort frå at noko kan endre seg over tid slik at eit byggesteg 2 kanskje vert utforma på ein annan måte enn slik planane er no. Ved ikkje å plassere kvartalsleikeplassen mot sør allereie i byggesteg 1 vil slike endringar lettare kunne gjerast seinare.

Med helsing

Steinar Ose Velle

seniorkonsulent/Barnerepresentant Volda kommune
Øyra skule

tlf. sentralbord: 70074300

tlf. direkte: 70074304

tlf. mobil: 91603406



volda.kommune.no

Følg oss på

[Facebook](#) - [Instagram](#) - [Twitter](#)